

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 3

SEPTEMBER 2021

79. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80

www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Ungdomsprest: Carsten Langeland

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Kari Skullerud Holsen og

Toril Øye (Førde og Jølster)

Kyrkjevevjerje: Inger Hageberg Øvrebø

Ass. Kyrkjevevjerje/dagleg leiar:

Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson og

Asbjørn Flåm

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,

postboks 90, 6806 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard

Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-

Elin Standal Sæther

– Kyrkjevevjerja –

Nytt frå redaksjonen

I år er Vevring kyrkje 175 år. Det er verdt å feire, og Helg og Heim vil gjerne vise fram noko av historia til kyrkja.

I år vart det gjennomført registrering av alt inventar i kyrkjene som ein del av «Kirkekontrollen 2021». Helg og Heim har tidlegare hatt artikkel om den unike altertavla i Vevring. No kan du lese om votivskipet som heng i taket i Vevring kyrkje. Skipet er rett nok ikkje så gamalt, men er eit symbol med lang tradisjon knytt til kyst, kyrkje og den kristne trua.

Eit nyplanta tre minner oss på at vi er inne i ei tid for oppstart. I bladet kan du lese om borna som fekk vere med å plante tre i Angedalen. Men slik som eit nyplanta tre er sårbart, er fellesskapa våre òg sårbare no.

Når koronarerestriksjonane blir oppheva, forventar vi at alt skal vere som før. Men vi har kanskje fått for vane å vere heime når det er gudsteneste, eller kjenner at det koster å ta eit tak som frivillig etter ein lang pause. Kjem kyrkjelivet i gang igjen?

Mange ser nok fram til at fellesskapet skal fungere, at det blir temakvelder, kyrkje-konsertar, og fullsett kyrkje med kyrkjekaffi på søndagane. Mange har kjent saknet etter store og små fellesskap. Om hausten blir som før, vil krevje ein innsats av oss. Og så får vi prøve å halde på ein-meteren litt til.

Vi har dessverre ikkje andakt i dette nummeret, men vi skal ikkje slutte med det. Vi håper du finn anna lesbart stoff i bladet!

TAKK til alle som nytta giroen i forrige nummer! Gløymde du det? Det er ikkje for seint å betale bladpengar! Sjå under om bladpengane og betaling.

Takk til annonsørane som støtter bladet!

Helsing bladstyret.

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

Hugs bladpengar!

**Frivillig bladkontingent
kr. 290,-**

**Bankkonto:
3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

Neste nummer

Frist for Helg og Heim nr. 4. 2021 (Julenummeret) er onsdag 28. oktober. Bladet er tenkt utlevert i veke 48.



Framsida-bilde: Padling i Løken under Vakuumpveka i Førde. Foto: Hanne Schnitler



Miguel Espinoza, ny kantor i Førde, Holsen og Haukedalen.

Nytt om tilsette

Diakon/frivilligkoordinator Inger Cesilie Fitje har slutta etter eit års permisjon, og stillinga er no utlyst.

Ny kantor

Kantor Gro Gunnarson har fått innvilga 30-40 prosent permisjon. Asbjørn Flåm endrar arbeidsstad og skal no vere organist i Gaular.

Ny kantor er Miguel Espinoza, 32 år. Han kjem frå Mexico, og har budd i Oslo sidan hausten 2018. Han kjem til oss frå deltidsstilling som kantor i Sogndal kyrkjelege fellesråd. Cembalo er hovudinstrumentet hans, men har erfaring med orgel og pedalbruk. Han kjem til å ha mesteparten av

arbeidet sitt knytt til Holsen, Haukedalen og Førde, men det er også aktuelt å gjere teneste andre stader i fellesrådsområdet/kommunen.

Han har 40 prosent fast stilling og 60 prosent midlertidig stilling til 1. september 2022. Første teneste hos oss vert ved konfirmasjonsgudstenestene i Holsen og

Haukedalen 11. og 12. september.

Vi håpar kyrkjelydane tek godt imot den nye kantoren.

Inger Hageberg

Øvrebo

Kyrkjeverje,

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Ombygginga i Førde kyrkje

Arbeidet med universell utforming i kyrkja er no kome halvvegs, og arbeidet i kyrkjerommet med ny trapp frå galleriet er ferdig.

Tekst og foto: HELGE NAUSTDAL

Trappa er laga av Agnar Ask, Trappeprodusenten AS i Askvoll. Tekkjøkket manglar fortsatt innreiing og skyvedører.

Målararbeidet er utført av Arne Kalstad, og fargane følgjer den eksisterande fargepaletten som er brukt i kyrkja. Rørleggjararbeidet kan bli ei utfordring, sidan avløypsøyr frå nytt handikaptolett må forast gjennom krypkjellaren fram til toaletta i kjellaren.



Agnar Ask fekk hjelp av sønene sine til å montere trappa.

Trapperommet på nordsida skal få ei brannteknisk oppgradering. Det står att å kappe av fire benkar for å gje plass til rullestolar, og det skal

komme nytt teppe i våpenhuset og i midtgangen.

Etter planen skal arbeidet vere ferdig mot slutten av året.

Høyring om organisering av Den norske kyrkja

I dag har dei tilsette i kyrkja to ulike arbeidsgjevarar. No er det framlegg om å leggje arbeidsgjevaransvaret på prostnivå.

Tekst: KIRKEN.NO

Rapporten «Samhandling i ei sjølvstendig folkekyrkje – ny kyrkjeleg organisering» inneheld forslag om å leggje arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette til eit nytt kyrkjeleg organ på prostnivå. Rapporten frå Müller-Nilssen-utvalet er no sendt på høyring til sokneråd og kyrkjelege fellesråd, og svarfrist er 1. desember.

I dag har dei tilsette i kyrkja to ulike arbeidsgjevarar. Dei fleste har det lokale kyrkjelege fellesrådet som arbeidsgjevar, medan prestane er

tilsett på nasjonalt nivå, med arbeidsgjevarmyndada delegert til biskop og bispedømeråd. Etter kvart som det har blitt fleire tilsette og større krav til arbeidsleing og arbeidsmiljø, er det vanskeleg å sjå at ei slik todeling er tenleg.

Hovudoppgåva for utvalet har vore å greie ut mogelege løysingar knytt til eit nytt felles kyrkjeleg organ på prostnivå, der dette fellesorganet kan utøve arbeidsgjevartilsette for alle som arbeider i lokalkyrkja.

Det er høve for alle å svare på høyringa. Sidan forslaget omfattar endringar lokalt, kan det vere verdt å setje seg inn i denne saka.

Les meir og svar på høyringa: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken>.

Kontakt kyrkjekontora om du treng hjelp.

— Alle var der for oss!

Presteparet Rigmor Frøyen og Ingvald Andersen Frøyen var i mars utsett for ei alvorleg bilulykke nær heimen sin i Naustdal. Dei kom heldig frå frontkollisjonen som kunne ha enda med eit tragisk utfall.

Tekst og foto: REIDAR EIDE

– Vi har hatt ein god sommarferie, og har det no bra! Det tek litt tid å kome til hekte- ne både fysisk og ikkje minst psykisk etter ei slik sjokkarta oppleving, men vi er blitt utruleg godt tekne hand om av alle, både dei profesjonelle og av familie, vener og lokalmiljøet.

Vi finn Rigmor og Ingvald på kontoret i Kyrkjjetunet i Førde. Kvardagen er hektisk, mellom anna med førebuing av konfirmasjonsgudstenester og mange dåpssamtalar. Møteplanane er tette, men som dei seier: – Vi tek mot kvar einskild med glede!

Veldig ivaretatt!

– Vi var skada, mørbanka, -redde og i sjokk- tilstand. Vi såg berre bilen som brått kom mot oss i feil køyrebane, og at dette ikkje kunne gå bra, at dette kunne vere slutten. I etterkant vil vi seie at det var utruleg fint og sterkt å oppleve at alt det fine i samfunnet fungerte og var der for oss. Vi kjende det då, og kjensla av å vere ivaretekne er blitt endå sterkare etter kvart no etter ulukka. Lokalt brannvesen, ambulansar, politi var der med ein gong. Sivile som berre var til stades og hjalp til, var der. Personleg kan eg ikkje hugse eit einaste ansikt, seier Ingvald, berre hender som bar meg og stemmer som sa alt eg trengde å høyre.

Det er ei veldig sterk oppleving av korleis samfunnet fungerer på sitt beste. Vi har budd i Afrika i periodar og opplevd bilulykker før. Det kan trygt seiast at vi er heldige her i Norge, - og i eit lite lokalmiljø som vårt.



Presteparet Rigmor Frøyen og Ingvald Andersen Frøyen var i mars utsett for ei alvorleg bilulykke nær heimen sin i Naustdal.

Her trong vi ikkje tenkje på nokon ting som galdt det praktiske. Bergingsbilen frakta vår bil til Berge auto. Dei ringde oss opp att, politiet kom med bagasje til sjukehuset og så vidare. Vi opplevde at alt vart gjort for oss av veldig profesjonelle folk, og med profesjo-

nelle meiner vi ikkje berre at dei kunne det praktiske i faget sitt, men at dei var rolege, vennlege og trøystande. I etterkant var det også godt og viktig for oss å få snakka med hjelpeinstansar om kva som verkeleg skjedde denne dagen.

Ein heilt vanleg dag

– Ja, eg kjenner på den same takksemda, seier Rigmor, og eg opplevde det heile litt surrealistisk. Ingvald skulle berre køyre meg til bussen. Eg skulle besøkje mamma. Ein heilt vanleg dag, så skjer dette så brått, og jøje meg for eit oppstyr, tenkte eg, – masse folk som alle berre hadde ein tanke, å hjelpe oss på best mogleg vis. Slik var det på ulykkesstaden, og slik var det så absolutt etterpå, -sjukepleiarar, legar, og ganske fort begynte vi å få sms-ar, ikkje berre frå dei vi kjende godt, men frå folk i bygda som tenkte på oss. Det er veldig, veldig sterkt og godt å oppleve!

– Vi er så avhengige av kvarandre!

Til vanleg tenkjer vi jo ikkje på at vi er avhengige av Naustdal brann og redning, av ambulansesjåførar eller av tilfeldige personar som var nær oss akkurat då.

For oss som prestar var det sterkt å kjenne at vi var tekne hand om. Vi måtte berre gje oss over til andre. Av og til er det jo vår jobb å vere medmenneske i vanskelege situasjonar. Denne gongen var det vår tur til å ta mot hjelp. Etter at vi kom heim frå sjukehuset hadde vi heller ikkje noko val. Vi greidde ikkje å hjelpe oss sjølve. Då var det utruleg fantastisk å oppleve at naboar og andre ikkje visste kva godt dei kunne gjere for oss! Dei kom med mat, dei kom med svelefat, dei hjalp oss med praktiske ting. Folk ringde og spurde om det gjekk bra med oss, enkle sms-ar. Alt var svært godt og kjærkome.

Seie ja, takk!

– Folk ønskjer å hjelpe, og vi opplever at i liknande situasjonar er det viktig å seie ja takk. Vi kunne ikkje gjere gjengjeld, i alle fall ikkje då. Tanken om alltid å gjere gjengjeld sit jo i oss frå gammalt, vi har eit system på å ta mot gåver og så gje gjengjeld, men vi har tenkt på at menneske i slike situasjonar ikkje kan gje gåver tilbake. Rådet vårt er å seie ja til å ta imot. Vi er svært glade for at folk torde å ta kontakt og at vi sa ja til det. Vi veit ikkje kven mange av menneska var, men vi fekk takka nokon, og det var veldig viktig for oss. Det er godt å få takke nokon. Her i Naustdal har vi til fulle opplevd den nære omsorga frå bygda. Vi prestar er jo like sårbare som andre, like avhengige av kvarandre!

Kjenner at eg pustar
kjenner at det er liu
dei dyrebare sekunda
eg rekk tenkje
skal eg døy
skal eg leve



I mørket smyg
uroa seg inn
i alle rom
slamrar med dørene
skrur på lyset i alle celler
i kroppen
berre å vente
på morgongry



Livet i gåve på nytt
Kvar dag
Kvar time
kvart minutt
kvart sekund
så overveldande

Mange har også bedd for oss. Det har vore ei sterk påminning om å bli hugsa på. Ein annan gong er det andre som treng din og vår sms, praktiske omsorg og forbøn, og vi kan uttrykkje at vi er takknemlege for omtanke og hjelp!

– Englevakt?

– Eg er alltid redd for å bruke det ordet, seier Rigmor. Det er tross alt så mange gonger det ikkje går bra. Vi veit at folk flest kanskje brukar dette uttrykket når det nesten gjekk gale. For min del blir eg fylt av ei veldig takksemd over å få leve, ei overveldande kjensle av å kjenne livet! Eg kjenner på ei visse om at eg alltid er i Guds hender, uansett korleis det går.

– Vi vil ikkje åndeleggjere slike situasjonar for mykje, held Ingvald fram. Slik vi ser det er det mange ting som skjer tilfeldig. Eg kan køyre på rett side av vegen. Brått kjem det, som i vårt tilfelle, ein bil beint imot. Vi lever på ein måte tett på døden heile tida utan at vi tenkjer på det. Englevakta går på tvers av alt. Som menneske er vi lagde i kvarandres hender. Denne dagen såg eg ingen ansikt, men eg veit at det var vanlege menneske som kjende på meg, bar meg ut av bilen og sa mange av dei same orda som vi kjenner frå Bibelen. Jesus som sa: «Kven er du? Ver ikkje redd! Frykt ikkje! Eg veit at ambulansefolka, dei på akuttmottaket sa det same. Menneskehender, varme omsorgsstemmer. Du er ein engel, seier vi til kvarandre. Eg tenkjer at slik møtte Gud oss denne dagen, - gjennom alle dei gode folka vi har rundt oss.

Vi har veldig mange relasjonar og nettverk i eit såpass lite lokalmiljø. Fellesskapskjensla handlar ikkje berre om kyrkjelyden, men om heile lokalsamfunnet. Vi oppdagar kor mange folk som betyr noko for oss, og korleis vi alle som medmenneske kan bety mykje for kvarandre,- gjennom det praktiske og gjennom eit lite smil og eit spørsmål: – Går det bra med dokke?



Vevring kyrkje ligg fint til der stavkyrkja sto. Foto Rigmor Frøyen.

Vevring kyrkje 175 år

Olav Stendal skreiv boka «Vevring – kyrkjer og kyrkjelyd» til 150 års jubileet til Vevring kyrkje. No i september blir det 175 års feiring i Vevring, og då høver det godt å ta fram utdrag frå denne boka.

Tekst: Utdrag frå boka «Vevring – kyrkjer og kyrkjelyd» av OLAV STENDAL

Dei eldste kyrkjene

Det har vore minst tre kyrkjer på Vevring. Den eldste kyrkja vi veit om, var ei stavkyrkje, og den stod der på 1300-talet. Kva tid ho var bygd, veit vi ikkje, men det var før 1350. Den historiske kjelda som slår fast at kyrkja er så gamal, er Björgynjar Kalfskinn, ei kyrkjeleg jordebok som må vere skriven før svartedauden, i 1349.

Det er mykje vi ikkje veit om stavkyrkja på Vevring, men delar av henne stod fram til 1845. Det veit vi av ei synfaring i 1686, der er det sagt at kyrkja var av tømmer. Men koret og våpenhuset var av stavar. Dette

må tyde på at koret var deler av den gamle stavkyrkja. Synfaringa gir opplysningar om storleik og tilstand, og det er sagt at ho er «temmelig brøstfeldig».

På 1800-talet, ei tid med auka folketal, vart kyrkja for lita. I 1844 var kyrkja i så dårleg forfatning at det var fårleg å halde gudsteneste i den. Tårnet kunne ramle ned. Kyrkja vart stengd, og bygdefolket måtte til Svanøy for å ha gudsteneste.

I lang tid vart det arbeidd for å skaffe midlar til ny kyrkje, og ei nemnd skulle vurdere kvar ho skulle reisast. Valet falt på same plassen som den gamle kyrkja sto.

Den nye kyrkja vart bygd etter teikning av arkitekt Hans Linstow. Best kjend er han for å ha teikna Oslo slott. Han laga mønster-teikningar for kyrkjer, og nærare 80 kyrkjer er i større eller mindre grad oppførde på grunnlag av denne samlinga. Heradstyret og kyrkjeigarane (kyrkja var då i privat eige) var samde om at kyrkja skulle vere 27 alner lang, 15 al. breid og 9 al. under lemmen, og tal sitjeplassar 282.

Kyrkja vart vigsla 16. september 1846 av prosten i Sunnfjord, J. G. Lund. Ein kunne ha venta at biskopen var med, men det var han ikkje, og Lund fungerte i hans stad som biskop. I kyrkjeboka er fortalt at etter sjølve vigsla var over, vart 3 inngangskoner leidde inn i kyrkja av kapellanen. Dei vart «introduserede» etter at dei hadde født. Skikken vart brukt fyrste gongen kvinna kom til gudsteneste etter ein barnefødsel.



Interiør med votivskip, og altarskåp frå før reformasjonen. Foto Arne Kleiva

Påbygging av kyrkja i 1940-åra

Det vart ei langdryg sak å få kyrkja utvida. Kyrkjetilsynet byrja på løpet i 1898. Men nedgangstider og ein kommune i økonomisk ruin gjorde at det tok lang tid. I 1946 gjekk medlemmene i soknerådet så langt at dei lånte 8000,- kr. i banken med personleg kausjon for summen. Kommunen tok sidan over ansvaret for lånet. Arbeidet var omfattande. Galleriet vart ombygd og senka, nye golvbjelker, ny trapp, nye dører m.m. var sett inn. Sakristiet vart bygd som eit skråtilbygg til koret. 21. mai 1950 vart det halde festgudsteneste i samband med restaureringa. I soknerådsprotokollen er fortalt at det kom ei mengd med motorbåtar, og at det var samla kring 1200 menneske i og utafør kyrkja.

Tilbygg i 1980-åra

Det vanta sanitærrum i kyrkja. Det var ikkje lenger godt nok med ute-do i uthuset på nordsida av kyrkja. Det vart då laga tilbygg på begge sider av tårnfoten, med toalett på sørsida og opphaldsrom og kantine for gravaren og gartnaren på nordsida. Kyrkje-rommet vart delt opp med ein vegg bak



Boka «Vevring – kyrkjer og kyrkjelyd» av Olav Stendal kom ut i 1996 og var utgitt av Vevring sokneråd. Boka inneheld mykje interessant stoff om kyrkja, kyrkjelyden og folket i Vevring. Ho er verd å lese, og er å finne m.a. på Førde Bibliotek.

fremre søylerekkja under galleriet. På den måten fekk ein eit rom på omlag 36 m² til møterom. Dette vart ei tenleg og god ordning. Arkitektar for byggjearbeidet var Ida Bergqvam og Odd A. Tenold. Møterommet

som ein på denne måten fekk, har vorte kalla kyrkjestova.

Mykje av inventaret er frå den forrige kyrkja. Dåpsfatet er frå ca. 1700, og kalken og disken er også ein arv frå gamlekyrkja. Kyrkjeklokka er frå 1871, laga av Laxevaag Værk, med innskrifta: «Lyt til min klang jeg kalder dig fra livets kamp til himmelrig».

Det heng fire gamle portrett-maleri i kyrkja. Eit bilete frå 1914 syner at dei då hang to på kvar side v altaret. No heng dei i kyrkjestova, der dei lid ildt på grunn av varmen. Portretta er av presten Anders Johannesson Grytten, oppvaksen på Grya, og hans familie.

Helg og Heim har tidlegare hatt ein artikkel om altarskåpet frå mellomalderkyrkja (blad nr. 1, 2020). Altarskåpet er nok det mest særmerkte kunstverket i våre kyrkjer, og verdt eit besøk.

Kyrkja i Vevring har i dag vernestatus «Automatisk listeført».

Seglskipet i Vevring kyrkje

Kyrkja i Vevring er ei utstyrt med eit såkalla votivskip, ein modell av fregatten «Najaden».

Tekst: Henta frå WIKIPEDIA, NYNORSK AL-KUNNE og OLAV STENDAL: «Vevring – kyrkjer og kyrkjelyd»

Bearbeiding: HANNE SCHNITLER

Foto: ARNE KLEIVA

Votivskip er skipsmodellar som vart hengde opp i kyrkjene som eit symbolsk vern for kyrkje og kyrkjelyd. Slike er spesielt vanlege i Norge og Danmark, men òg sørover i Europa. Det er spesielt mange av dei i kyststroka. Namnet «votivskip» kjem av at dei i dei fleste tilfella er gitt som gaver til kyrkja.

Skip har vore brukt som symbol for kyrkjelyden og for heile kyrkja sidan tidleg kristen tid. Den er eit bilde på kyrkja som fører dei truande over livsens hav.

Votivskipa er ofte knytt til ønskje om velsigning av skip og sjømenn, og til skipet som eit teikn på velstand. Skikken er trulig innført frå kontinentet gjennom sjømenn som så votivskip i kyrkjene der. Mens



Votivskipet som heng i Vevring kyrkje skal vere ein kopi av den dansk-norske fregatten «Najaden».

andre gaver, som kyrkjesølv, altartavler og preikestolar gjerne er svært kostbare, kunne skipa vere bygd av sjømenn utan store kostnader, men med mange arbeidstimar lagt inn i det fromme prosjektet.

«Najaden»

Skipet i Vevring kyrkje skal vere ein kopi av den dansk-norske fregatten «Najaden», eit krigsskip med 44 kanoner og eit mannskap på 315. Fregatten vart senka av det engelske krigsskipet «Dictator» i slaget ved

Lyngør i 1812. 127 av mannskapet omkom, 88 andre vart såra. Dette var under Napoleonskrigen, då Danmark-Norge tok parti med Frankrike, og engelske skip hindra den livsviktige korntransporten mellom Danmark og Norge.



ARKI
ARKITEKTAR

Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Måndag11-17

Tys., ons., fre., laurdag ..11-15

Torsdag 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Skipskopien som heng i kyrkja, er laga av ein pasient ved det psykiatriske sjukehuset Neevengården, no Sandviken sjukehus i Bergen. Han var ein tidlegare seglskute-kar. Skipet har full seglføring, og segla er handsydde av same mannen som bygde skroget. Modellen var, etter det som er fortalt, laga i 1930-åra. Namnet på modellbyggjaren er ikkje kjent.

Kristoffer Kristiansen jr. som arbeidde som kontorassistent ved Neevengården, fekk skipet og tok det med seg til Gryta. I 1984 gav broren, Dagfinn Kristiansen, skipet til kyrkja. Modellskipet heng over midtgangen, med stammen vend mot aust – mot det som skal komme.

Det er ikkje kjent om modellbyggjaren hadde til hensikt at skipet skulle ende i Vevring kyrkje. Men sidan 1984 har skipet pryda kyrkja, og kyrkjegjengarane kan glede seg over det vakre skipet, handverket og symbolikken som ligg bakom.

Tårnhøye bølger går langt ifra havn.
Skipet sin skumkrans slår, dukker sin stavn.
Ikke en stjernes bud brenner for meg,
da sier Gud av Gud:
Fred, det er jeg!

Løftet på bølgens rygg, tatt i dens favn,
er jeg i stormen trygg,
kjenner min havn.
Skjuler enn sorgens gys leden for meg,
skinner dog lys av lys:
Fred, det er jeg!

Jesus, du dyre navn, dagen tar av.
Los meg engang i havn, bortenfor hav.
Tal så i dødens stund ordet til meg,
sagt med din egen munn:
Fred, det er jeg!

John M. Neale 1862



Jubileumsdagar i Vevring

Torsdag 16. september

kl. 19.30:

Konsert i Vevring kyrkje. Varierte innslag med m.a. Ragnhild Sannes på cello og Erlend Os med venner.

Laurdag 18. september:

Tur – følg med på lokal informasjon!

Kl. 18.00: Konsert i kyrkja med Sunnmøre kristelege mannskor

Søndag 19. september:

Jubileumsgudsteneste i kyrkja. Ragnhild Sannes spelar. Kyrkjekaffi på skulen.


For meir program – sjå oppslag lokalt.

HELLENES
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL

PROTOLAB VEST

FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE
Førde Fargehandel %
TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

trendy
FRISØR
DROP-IN
TIMEBESTILLING
ALTI Førde (Handelshuset)
Tlf. 57 82 00 65



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!
Du finn oss på Halbrendsøyra i Førde.

www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa
Førde - Bergen

Vakuumveka

Siste veka før skulestart var det full aktivitet i og rundt Førde kyrkje. Vakuumveka samla 52 born frå 1. til 4. klasse.

Tekst: HANNE SCHNITLER og GRY SÆTRE

Det har myldra i kyrkja, på kyrkjetunet, i skogen og i Løken. Alle deltakarane har fått både bibelkunnskap, misjonsinformasjon og sett filmen «Josef – drømmenes konge». Etter lunsj var dei delt i uli-

ke grupper, då var det tid for uteaktivitet og leik. Då kunne dei velje mellom padling, bading i terapibassenget, tur i skogen og film.

Alle gruppene fekk padle kano i Løken. «Det var veldig fint, men eg er heilt gåen i armane», seier ei av jentene. Padling var nok den mest populære aktiviteten på Vakuumveka.

Sju ungdomar har vore med som leiarar, i tillegg til dei faste tilsette. Ei av dei er 15 åringen Eline Voltersvik Styve.

– *Kva får ein ungdom til å bruke ei veka av sommarferien for å vere leiar på Vakuumveka?*

– Eg såg opp til ungdomar som var leiarar då eg var mindre, og hadde lyst til gjere som dei, seier ho. – Det er kjekt å få prøvd seg som leiar, og vere med å lage til noko som borna synest er kjekt å vere med på. Mange har vore lite saman med andre born i ferien, og har nytte av å vere i lag med andre born før skulen startar. Og så er det jo ein bonus at ein får løn, seier ho og smiler.



Sigve Ørstavik og Leopold Höllige padlar i sjøvet. Foto: Ingvar Vagstad

Padling var ein aktivitet som deltakarene likte. Foto: Hanne Schmitler



Mathilde Jukleskard Sande (framme) og Hella Höllige har det kjekt på Vakuumveka. Foto: Ingvar Vagstad

*Grauminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



Det spirer i skogen

Tekst: HANNE SCHNITLER
og GRY SÆTRE
Foto: HANNE SCHNITLER

«Agentar for skaparverket» fekk vere med på skogplanting i Angedalen.

Gry Sætre, trusoppplærar i Førde sokn, hadde idéen då trusoppplæringstiltaket «Agent for skaparverket» var under planlegging: Kva om borna får vere med å plante tre?

Etter ein fin samling i kyrkja, gjekk turen til Angedalen. Der sto Ruben Bøtun frå Skogselskapet klar med 100 granplanter, mykje kunnskap og god formidlingsevne.



– Kva kan vi bruke tre til? spør Ruben.

– Kva treng vi trær til, spør Ruben.

– Til å byggje hus, og til å fyre med.

– Til å lage papir og bøker og aviser. Borna hadde svara klare.

– Veit de kva cellulose er? Og veit de at man kan lage vaniljesmak av grantre? Ruben heldt fram glas med prøver av ulike ting ein kan nytte tremasse til, og borna fekk kjenne og lukte.



Anna Seim Pacagnella og Nora Johnson har planta eit tre!

– Men kva nytte har vi av skogen?

Det var verre å svare på. At skogen bind CO₂, hadde fleire høyrte om. At eit tre kan suge opp 700 liter vatn pr. døgn og forhindre flaum og erosjon, det var meir ukjent. Trea gir og ly og heim til fuglar, insekt, sopp, lav og tusenvis av mikroorganismer. Her fekk vi mykje kunnskap om skaparverket!

Så var det tid for praktisk

arbeid: Finne ein plass der det vesle treet kan vekse trygt, ha rett avstand mellom trea, deretter lage hol med eit treplanteridskap og setje spira forsiktig i holet.

Alle dei 100 trea kom i jorda, og om nokre år kan deltakarane sjå om det veks ein ny liten skog i Angedalen, om ikkje tørka i sommar har tatt knekken på dei.

Konfirmantåret

Dette konfirmantåret er det 152 konfirmantar frå Førde, Holsen og Haukedalen.

Det nye konfirmantåret startar med leir på Nesholmen 1. - 3. oktober og konfirmantpresentasjon i Førde kyrkje laurdag 23. oktober.

I november får konfirmantane besøk av eit team frå bispedømmet der m.a. presten Thor

Haavik, kjend frå tv-serien «Far-men», er med. Nattcupen blir flytta til januar.

Nytt i år er at all undervisning følgjer skuleklassene. Andre aktivitetar blir i mindre grupper i tillegg. I tillegg til fellesundervisninga, må konfirmantane velje ein aktivitet. Som tidlegare år kan dei velje mellom leir, Deciding, kreativ konfirmant og aktiv konfirmant.

Kateket Heidi Voltersvik Styve fortel at nytt i år er «ga-




Heidi Voltersvik Styve

mingkonfirmant», eit tilbod i samarbeid med KFUK/KFUM og Sunnfjord gaming. Konfirmantane får spele dataspel, men òg lære å vise respekt for kvarandre og oppføre seg på nettet. Året blir nesten som før, men

komprimert til oktober til april. Heidi er optimistisk og trur det blir et bra konfirmantår.

Når bladet kjem ut, er vi midt i konfirmasjonane frå forrige år. No etter sommarferien har det vore øving til konfirmasjon, og så er siste konfirmasjonsdato 26. september. For å gjennomføre konfirmasjonane med koronarestriksjonar, blir det ein klasse pr. dag, og klassene er delt i to puljer. Dermed blir det heile 19 konfirmasjonsgudstenester, inkludert Holsen og Haukedalen.



Trusopplæring

Vi planlegg forskjellige aktivitetar for barn og unge framover. Det kan bli endringar. Vi tilpassar aktivitetane etter gjeldande reglar.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus: Eit tilbod for born i alderen 0-1år saman med foreldre.

Datoar i haust: 01.09. - 15.09. - 29.09. - 13.10(?) – 27.10. – 10.11. – 24.11. Vi opnar dørene kl. 10.30.

Program frå kl. 11-11.30. Sosialt samvær til kl. 12.30. Ta gjerne med matpakke. Saft og kaffi spanderer vi.

Lys vaken:

4. desember kl. 18.00 i Naustdal kyrkje: Adventskveld for 11-åringar. Invitasjon kjem i posten.

4-årsbok

Søndag 24. oktober kl. 11.00 er det gudstjeneste i Naustdal kyrkje med utdeling av kyrkjeboka til 4-åringane. Dagen før er det ei samling på kyrkjelydshuset kl. 15.00.

Invitasjon kjem i posten.

6-årsbok

Laurdag 18.september kl. 14.00: Samling på kyrkjelydshuset med utdeling av 6-årsbok.

Trusopplæring i Vevring:

14. november kl. 15.00 i Vevring kyrkje. Utdeling av 2-årsbok - 4-årsbok og 6-årsbok. Invitasjon kjem i posten.

Trusopplæring i Førde sokn:

Spiren

Frå hausten blir Spiren kvar onsdag kl. 11.00 på Førde Kyrkjetun. Babysong for barn frå 0 til 1 år.

«Ope hus» 10 – 13år

Ope hus er ei uformell samling første fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00 på Førde kyrkjetun. For alle mellom 10-13 år. Dei neste samlingane blir 1. oktober og 5. november.

4-årsbok

Søndag 3. oktober kl. 13.00: Samling med utdeling av kyrkjeboka til 4-åringane.

Lys vaken

Fredag 26. november kl. 18.00. Samling for 11-åringar, med overnatting i kyrkja til laurdagen.



Velkommen til KFUK-KFUM Førde sitt arbeid blant barn, ungdom og vaksne skuleåret 2021/2022!

KFUK-KFUM speidarane

Variert aktivitetstilbod med vekt på friluftsliv for jenter og gutar i 4. - 7. klasse, kvar torsdag kl. 18.30 – 20.00, med base på Førde kyrkjetun.

Kontaktperson: Stig Jonny Fitje, tlf. 90082650.

Deciding, Førde Ten Sing

For ungdommar frå 8.klasse t. o. m. vidaregåande skule. Song, band, dans, drama, leiartrening, multimedia, leik og moro. Kvar tysdag kl. 19.00-21.30 på Førde kyrkjetun. Kontaktperson: Gry Sætre, tlf. 48957734.

SportY Sunnfjord

Frå 10. klasse t.o.m. vidaregåande skule. Ikkje-konkurranseretta idrett, friluftsliv og leik. Padling, klatring, tennis, frisbeegolf, aking og langrenn, men hyppigast er hallaktivitetar på Slåtten skule.

Fast møtetid måndagar kl.19.00 – 20.30.

Kontaktperson: Andreas Stokka, tlf. 48210437.

KFUK-gruppa

Sosial og oppbyggeleg samling for kvinner siste torsdag i månaden på Førde kyrkjetun. Kontaktperson: Inger Cesilie Fitje, tlf. 90894788.

Midtlivsaften

30. september kl. 20.00


Samling på Førde kyrkjetun siste torsdagen i september. God mat og prat, underhaldning og kveldstankar.

Kontaktperson: Hildur Thingnes, tlf. 90523305.



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!



Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | www.bellisblomst.no
ALTI, Førde

AKTUELT I KYRKJELYDANE

Opa kyrkje

Velkommen til opa kyrkje i Førde!
Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 10.00 - kl. 13.00.

Kyrkja i byen

Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!
Bilde hvis plass

10-kaffi

10-kaffien på Førde kyrkjetun er ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag kl. 10.00 i ungdomslokalet i 1. etg. på Førde kyrkjetun.

10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!

Konsertar i haust og førjulstid

Fleire konsertar er under planlegging, og det kan bli endringar. Vi kjem tilbake til meir omtale av adventskonsertar i neste nummer.

FØRDE KYRKJE:

MÅNDAG 29. NOVEMBER KL. 21.00:

«Stille natt Hellige natt» – Alexander Rybak, Ingrid Berg Mehus, Hans Marius Hoff Mittet, Maria Haukaas Mittet og Rune Larsen.

LAURDAG 4. DESEMBER:

«VÅR JUL» – Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen, Christian Ingebrigtsen og Tine Thing Helseth.

ONSDAG 8. DESEMBER:

Kyrkjekoret sin julekonsert

SØNDAG 12. DESEMBER

kl. 18.00: Kyrkjelyden sin julekonsert

MÅNDAG 13. DESEMBER

kl. 07.00: Luciakonsert med korskulen i Førde kyrkje.

NAUSTDAL KYRKJE:

LAURDAG 27. NOVEMBER

kl. 17.00: Händels Messias – Førde kammerkor.

Kammerkoret skal ha same konsert på **Vassenden kyrkjesenter søndag 28. desember** kl. 17.00

SØNDAG 5. DESEMBER :

Kvinnekoret Kvitre

LAURDAG 11. DESEMBER:

«Lys til nattsvart jord» Stardalen mannskor

VEVRING KYRKJE:

TORS DAG 16. SEPTEMBER

kl. 19.30: Jubileumskonsert med Ragnhild Sannes, cello og Erlend Os med venner.

LAURDAG 18. SEPTEMBER

kl. 18.00: Konsert med Sunnmøre kristelige mannskor



Loppemarknad på Førde Kyrkjetun

2. oktober 2021 kl. 10-14. Lopper, lotteri og kaffi m/noko godt til

Velkomen til ein hyggeleg marknadsdag med gjenbruk som motto! Vi tek imot lopper fredag 1. oktober kl. 12-19. Har du større kvanta eller møblar, kan vi ta imot/hente frå 1. september etter nærmare avtale.

Lopper vi ønskjer er til dømes: Leiker, møblar i god stand, servise, gode barneklede, aktivitetsutstyr, elektriske artiklar, kjøkenutstyr, pynteting. Vi tek ikkje imot leksikon og klede og sko til vaksne! Vi held oss til gjeldande corona-reglar.

Kontakt for levering/henting: Jostein Tjugum tlf. **41 56 96 38** (SMS), epost: jostein.tjugum@eninvest.net

Førde Kyrkjetun, tlf. 99 15 13 07 – www.kyrkja.no/forde



Misjonsmesse

for NMS (Det Norske Misjonsselskap)
Førde Kyrkjetun, laurdag 6. nov. kl. 12-17

Sal av fine handarbeidsvarer og smakfulle saker som syltetøy, lefser, flatbrød – kanskje tomatsild?

Lynlotteri, åresal og lykkehjul for dei minste. Open kafé med salt og søtt. Tid til prat og hyggeleg treff med kjende og ukjende.

Dagen skal òg inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt arbeid i heile verda. **Karen Margrete Eikenes Mestad** (bildet) frå Hestenesøyra i Gloppen, lektor ved VID vitenskapelige høgskole i Stavanger, vert med på messedagen.

Har du lyst å bidra med varer eller som frivillig? Ta kontakt med underteikna. Vel møtt til ein inspirerende dag i november!
Detaljar for program kjem seinare.

For messekomiteen: Rigmor Frøyen
Epost: rigmor.froyen@gmail.com – Tlf. 489 57 436

GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og www.sunnfjordkyrkja.no, eller kontakt kyrkjekontoret.

SØNDAG 19. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 10.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.
Vevring kyrkje 175 år.
50- og 51-års konfirmantjubileum.

LAURDAG 25. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 10.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 26. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 10.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Naustdal kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

ONSDAG 29. SEPTEMBER

Mikkelsmesse
Haukedalen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 3. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 13.00 Familiegudsteneste.
Fireårssamling

TORSdag 7. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 10. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste. 50-års konfirmantjubileum
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste
Vevring kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 17. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje kl. 11.00 Hausttakkefest

LAURDAG 23. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 14.00
Konfirmantpresentasjon.
Konfirmantar med foreldre og familie.

SØNDAG 24. OKTOBER

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste
Utdeling av 4-årsbok.

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

SØNDAG 31. OKTOBER

Bøts- og bededag Reformasjonsdagen

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Instedalen skule kl. 15.00 Gudsteneste

TORSdag 4. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 7. NOVEMBER

Helgemessesøndag

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 16.00 Minnegudsteneste

SØNDAG 14. NOVEMBER

Søndag for dei forfølgde

Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste
Utdeling av Bibelen, ei vandring gjennom den store forteljinga
Vevring kyrkje kl. 15.00 Familiegudsteneste
Utdeling av bøker.

SØNDAG 21. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste



Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no



- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

Gode tilbud på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!
Boligkompaniet
www.bruffis.no tlf. 90 61 96 54

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR
Erdal Sport
INTERSPORT
Førde



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbud:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com

SØNDAG 28. NOVEMBER**1. SØNDAG I ADVENT**

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Speidarane er med
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Lysmesse
Konfirmantane deltek

TORS DAG 2. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 5. DESEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje kl. 11.00 Lysmesse.
Utdeling av bok til 4- og 5-åringar og til 5. klassingar
Haukedalen kyrkje kl. 14.00 Lysmesse.
Utdeling av bok til 4- og 5-åringar og til 5. klassingar
Vevring kyrkje kl. 16.00 Lysmesse.
Konfirmantane deltek
Førde kyrkje kl. 18.00 Lysmesse



Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

☎ 57 72 41 40
dampbakeriet.no

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
TRYKK

**VIGDE****FØRDE KYRKJE**

06.08 Siw Bente Dahl
og Joar Andre Friborg
07.08 Ida Aase Øvrebotten
og Espen Kvamme
07.08 Ann Kristin Kalvøy
og Per Inge Bruland

NAUSTDAL KYRKJE

12.06 Randi Storhaug og Stian Klopstad
13.06 Veronika Ytterstad Grimsbø
og Steffen Lund
26.06 Ragnhild Kjørsvik Vatne
og Daniel Kringlen
31.07 Margrete Joleik Jonstad
og Stig Sveen Haugen Degvold

GRAVFERD**FØRDE KYRKJE**

27.04 Målfrid Amanda Havnen f. 1923
07.05 Bjarte Isak Husevåg f. 1943
07.05 Margit Oline Kongsvik f. 1932
18.05 Andrea Amalie Horstad f. 1928
27.05 Åge Kirketeig f. 1953
20.07 Ragnhild Oddlaug
Bell Espeseth f. 1932
21.07 Klara Wie f. 1931
17.08 Erling Mogen f. 1937
19.08 Olina Andrina Hjellbrekke f. 1929

NAUSTDAL KYRKJE

14.05 Robert Birkeland f. 1950
28.05 Einar Anfinn Hellenes f. 1937
04.06 Kåre Johannes Offerdal f. 1943
15.06 Dagny Amanda Savland f. 1934
25.06 Åse Marie Haugland f. 1964
02.07 Magni Kleiven Fitje f. 1961

VEVRING KYRKJE

07.05 Jakob Nicolai Engebø f. 1925
21.05 Lidvald Ivar Vefring f. 1941
04.06 Kjell Sigurd Apneseth f. 1946
06.07 Ludvik Apalseth f. 1920

Frivillig i kyrkja?

No når ulike tilbod har starta opp att, er det plass til fleire frivillige til små og store oppgåver i kyrkjelydane. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di?

**Ta kontakt
med kyrkjekontora.**

DØYPTE**FØRDE KYRKJE:**

09.05 Markus Førde Reed
23.05 Ola Schiefloe Myklebust
30.05 Hedda Gjøringbø Tveit
Nora Frøyen
Torbjørn Sandøy Instefjord
Live Bolseth Eide
Ludvik Tefre Fossen
06.06 Kaia Solheim
20.06 Sunniva Otneim Solheim
Mathea Seline Admiraal
27.06 Lykke Sofie Aasen-Rørstadbotnen
Maja Eline Johnsen Bøe
Bo Loen Tendén
Avi Gangeskar Vaag
04.07 Magnus Aase
Lars Enstad Bjordal
Engel Lyng Halland
Malvin Bringeland Solheim
11.07 Emma Solsvik Hammar
Anna Aasen Holsen
01.08 Anders Fauske
Lotta Gram-Solhaug
Lukas Nesdal Lundevall
08.08 Lavrans Sellevold Syversen

SUNNFJORD MUSEUM, MOVIKA


25.07 Ola Fløtre Bøyum-Nygård
Freya Lovise Gjerland

NAUSTDAL KYRKJE

13.06 Agnes Karipi Helgås
Sunniva Grimsbø Lund
27.06 Jens Halland-Thune
Sigurd Orkelbog Jørgensen
Mia Stave
Mailo Kaland Døskeland
(døpt i Askvoll kyrkje)
18.07 Hilde Kvame
08.08 Lukas Solheim Meier
Ada Sofie Vonen Holsen
Lukas Johnsen Flæte

VEVRING KYRKJE

27.06 Markus Svortevik-Lerum



Returadresse

Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

1-2-3 – vil du vere med?

Det var spørsmålet 8- og 9-åringane i Naustdal fekk tidleg i sommar. Mange svarte JA, og siste veka før skulestart møttest vi og var saman i tre heile dagar.

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL
Foto: ARNE KLEIVA og deltakarar på 1-2-3 dagane

Undertittelen på dagane var: «Eg – eit skapande menneske?»

Gud har skapt oss og naturen rundt oss, kva kan vi skape? Det vart malt flotte maleri, teke mange bilde, spikka barkebåtar og laga pinnebrød.

Arrangementet var i samarbeid med NMSU - Det norske misjonsselskap sin ungdomsorganisasjon. Elisabeth Sowerby Dale fortalte og viste bilete frå NMSU sitt arbeid i Etiopia. Der det er mange, spesielt jenter, som ikkje får gå på skule.

Det heile vart avslutta med Skaparfest, der foreldre, besteforeldre og søsken var invitert og fekk eit innblikk i kva vi hadde drive med, tre heile dagar til ende. På skaparfesten var det og eit lite minilotteri med fine gevinstar. Det kom inn ca. 1 500,- som skal gå til arbeid i Etiopia og skulegang for jenter.

For å kunne gjennomføre dagane hadde vi god hjelp av mange dyktige leiarar, både vaksne og ungdomar.

Tusen takk til alle, både deltakarar og leiarar for tre flotte dagar.



Ivrig fotograf.



Ei av malergruppene i aksjon.



Rigmor prest i møte med Sakkeus og Jesus.



Pinnebrødsteiking på Sanden.